

Frå: Hallstein Iversen <hallstein.iversen@gmail.com>
Send: tirsdag 31. januar 2023 11:44
Til: Anne Lise Molvik
Emne: Re: Om endring av bygningstype i matrikkelen - gnr 11/1 Hølleland
Vedlegg: IMG_3710.jpg; IMG_3709.jpg

Hei.

Våningshuset vart oppført i 1914 og påbygd i 1960. Det har vore gjort fleire oppgraderingar i seinare år, m a nytt kjøkken i 1998, nytt bad og vaskerom i 2019. Huset er etterisolert og fekk ny kledning i 1997. Nye vindauge i 1983 og desse vil no verta skifta ut med nye trelags vindauge. Nytt inntak for straum og nytt sikringskap i 2019. (Ny løe oppført i 2013).

Det har vore fastbuande/leigebuarar i huset fram til år 2000. Huset har vore mykje brukt ogso etter dette som fritidsbustad.

Eigen veg frå Fv 394. Vatn frå eigen brønn. Avløp går til septiktank (7 m³) som er felles med Stranda 843. Anlegget var nytt i 1994.

Håpar dette er svar på spørsmåla.

Vennleg helsing

Hallstein Iversen

mobil 97174845

On Tue, Jan 31, 2023 at 9:01 AM Anne Lise Molvik <anne.lise.molvik@alver.kommune.no> wrote:

Hei.

Eg viser til telefonsamtale om saka i går.

Før kommunen kan vurdera førespurnaden ber vi om at det vert gjort greie for når bygget er oppført, når bygget sist var i bruk som bustad, bygget sin standard, tilkomst, vassforsyning og avløpsløysing. Vi vil også gjerne ha bilet av bygget og teikningar dersom det fins.

Vennleg helsing

Anne Lise Molvik | Rådgjevar byggesak

Telefon: 56 37 56 40

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER

KOMMUNE